

Vestlandsrådet

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
20.11.2024 24/7306- 28 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
31/24	Vestlandsrådet - arbeidsutval	27.11.2024

Val til Nordisk Atlantsamarbeid

Vestlandsrådet - arbeidsutval 27.11.2024 - sak 31/24

Behandling

Vedtak:

AU går inn for at Vestlandsrådet vert administrativt representert i NORA-komiteen for perioden 2025-2028, og ber fylkeskommunedirektørane i samarbeidsfylka peike ut eit komitémedlem for Vestlandsrådet så snart som råd.

Innstilling:

AU går inn for at Vestlandsrådet vert administrativt representert i NORA-komiteen for perioden 2025-2028, og ber fylkeskommunedirektørane i samarbeidsfylka peike ut eit komitémedlem for Vestlandsrådet så snart som råd.

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune har motteke vedlagte brev frå Kommunal- og distriktsdepartementet, datert 18.oktober 2024, om utpeiking av norske regionale medlemer til NORA komiteen for perioden 2025 – 2028.

Etter kontakt med departementet er det avklart at det er Vestlandsrådet som både årleg betaler medlemskontingent til NORA og som skal peike ut eitt av norges regionale medlemer i NORA komiteen.

Vestlandsrådet har frist til å melde tilbake namn på utpeikt medlem innan januar 2025.

NORA-komiteen

Nordisk Atlantsamarbeid (NORA) er et regjeringssamarbeid under Nordisk Ministerråds regionalpolitiske samarbeidsprogram som består av Grønland, Island, Færøyene og KystNorge. Vestlandsrådet er utpeikt av kommunal- og distriktsdepartementet til å representere Vestlandet i dette samarbeidet.

Vedtekten for NORA § 1: «Komitéen for Nordisk Atlantsamarbejde består af nationale delegationer. Delegationerne vælges af Naalakkersuisut (Grønlands Landsstyre), Færøernes Landsstyre, Islands regering og Norges regering... Medlemmerne i delegationerne udnævnes for en periode af 4 år.»

Kwart deltagende land eller sjølvstyrte område utpeiker tre medlemer i NORA- komiteen.

Komiteen har følgende norske medlemmer i perioden 2020 - 2024:

- Stig Olsen, Nordland fylkeskommune (Leder av NORAs komite arbeidsutvalg 2024)
- Lena Merete Søderholm, Vestlandsrådet (Vestland fylkeskommune)
- Lisbeth Nylund, Kommunal - og distriktsdepartementet.

På Noras nettside NORA Projects kjem det fram m.a. at: «NORAs komite består af delegationer, som mødes op til to gange pr. år. Lederskabet går på rotation mellem medlemslandene.» Videre går det fram at: «NORAs komite består af tolv medlemmer, tre fra hvert land i NORA-regionen. Komiteen fastlægger den overordnede linje i NORAs strategiprogram, som normalt dækker en fire-års periode. I tillæg udarbejder NORAs komite en årlig handlingsplan, som beskriver de konkrete aktiviteter, NORA vil gennemføre i løbet af året.»

Med utgangspunkt i komiteen sitt ansvar og oppgåver, har Vestlandsrådet fram til no vore administrativt representert i NORA-komiteen. Dette gjeld også for dei andre norske medlemene i komiteen. Eventuelle spørsmål og problemstillinger av meir politisk karakter vert løfta til høgare nivå i Nordisk ministerråd.

Vurdering

I §5 i samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet heiter det m.a. at:

«..AU skal vera eit organ som set den politiske dagsorden og som tek avgjerd i saker mellom møta der dette er nødvendig.»

Med ein uavklart møteplan for Vestlandsrådet i 2025, vil det i samsvar med samarbeidsavtalen vere nødvendig at Vestlandsrådet AU fattar vedtak i denne saka.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør